

Til grunneigarar, naboar og
offentlege instansar

Arkiconsult AS

Postboks 103

5291

Valestrandsfossen

Telefon: 56 39 00 03

Valestrandsfossen 11.10.2021

AVGRENSA VARSLING OM UTVIDING AV PLANOMRÅDE

DETALJREGULERING FOR SNEKKEVIKA, DEL AV GNR. 464 BNR. 41, M.FL. I ALVER KOMMUNE, PLAN-ID: 46312020007

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 12-8 varslast det med dette utviding av plangrense for pågåande detaljregulering av Snekkevika, Alver. Utvidinga omfattar eit areal på om lag 3,4 daa. Områda som vert omfatta er lokalisert ved Dyråsen og langs fv565 Slettevegen.

Tidlegare varsel om oppstart

Oppstart av planarbeidet vart varsla i avisa Nordhordland 07.12.20. I tillegg vart eige brev, datert 02.12.2020, sendt ut til grunneigarar, naboar og offentlege instansar. Frist for merknadar og innspel var 11.01.2021.

Bakgrunn for og føremål med utvidinga av planområde

I samband med planarbeidet har Rådgivende Biologer blitt engasjert for å gjennomføre ein vurdering av naturmangfaldet i området. Gjennom arbeidet vart naturtypen rik edellauvskog, utforming rikt hasselkratt med funn av raudlistearten kystskriftlav (NT), kartlagt. For å inkludere heile naturtypelokaliteten i planen er det nødvendig med ein utviding av planområdet. Ved å inkludere heile naturtypelokaliteten, sikrar ein at ein får lagt inn omsynssone for bevaring av naturmiljø rundt heile det aktuelle området.

Planområdet er også noko utvida ved fv. 565 Slettevegen. Utvidinga ved fylkesvegen omfattar eit areal på om lag 100 m². Bakgrunnen for denne utvidinga er at ein ynskjer å sikra at heile frisktlinja ved avkøyrsla til parkeringsplassen kjem innfor planavgrensinga.

Innspel til planarbeidet

Spørsmål og eventuelle skriftlege kommentarar, merknadar eller opplysingar kan sendast til plankonsulent innan 01.11.2021.


Med venleg helsing/Best Regards

Ane Netland Rolland


Arealplanlegger | Naturgeograf

Direkte: +47 47855616 | Felles: +47 56390003

E-post: ane@arkiconsult.no



Forslag til planavgrensning.



Områda som omfattast av utvidinga er markert med rosa farge.